

PLAN FOR INNHOLD, KVALITET OG UTVIKLING

I

AUSTEVOLL KULTURSKULE

2013 - 2020

Innhald:

1.	INNLEIING.....	3
1.1	Historikk – nasjonalt.....	3
1.2	Historikk – lokalt.....	3
1.3	Kva er ein kulturskule?.....	5
1.4	Ein levande kulturskule.....	6
1.5	Austevoll kulturskule i dag.....	6
2	KULTURSKULEN OG LOKALSAMFUNNET.....	7
2.1	Visjon og målsetjing.....	7
2.2	Kulturskulen som ressurs- og kompetansesenter.....	8
2.3	Kulturskulen og skuleverket.....	8
2.4	Kulturskulen og barnehagen.....	8
2.5	Kulturskulen og det frivillege kulturlivet.....	8
2.6	Kulturskulen og dei andre kommunale etatane.....	8
2.7	Kulturskulen og livskvalitet.....	9
2.8	Kultur og idrett.....	9
2.9	Kultur og næringslivet.....	9
3	KULTURSKULEN OG FRAMTIDA.....	9
3.1	Kulturskule for alle.....	9
3.2	Oppgåver og utfordringar.....	10
3.3	Samarbeid og samhandling.....	10
3.4	Tverrkulturell brubygging.....	10
4	AKTIVITETAR OG ORGANISERING.....	10
4.1	Kompetanse.....	11
4.2	Personalutvikling.....	11
4.3	Læraren som utøvar og kunstnar.....	11
4.4	Undervisning og arbeidsformer.....	12
4.5	Kommunikasjon – informasjonsutveksling.....	12
4.6	Interkommunalt samarbeid.....	12
4.7	Nye tilbod og nye fagområde i kulturskulen.....	12
5	LEIING OG ADMINISTRASJON.....	14
5.1	Økonomi.....	14
5.2	Leiging.....	14
6	EVALUERING, VURDERING OG KVALITETSUTVIKLING.....	14
6.1	Elevvurdering.....	14
6.2	Evaluering og kvalitetsutvikling.....	15
7	SLUTTORD.....	15

1. INNLEIING.

1.1 Historikk – nasjonalt.

Den første kommunale musikkskulen i landet kom i 1953.

Utover på 60-tallet vaks det fram fleire skular, men det var ikkje før rundt 1970 at skuleslaget begynte å ta form.

I 1972 var det etablert 12 kommunale musikkskular.

I dag framstår "Kulturskulelandet" Noreg med musikk- og kulturskuletilbod i over 430 kommunar, samt på Svalbard.

Frå 1982 løyvde stortinget for første gong statsstøtte til musikkskulane. I 2003 løyvde staten ca. 100 millioner kroner til musikk- og kulturskulene.

I 1997 blei grunnskulelova utvida med ein paragraf som påla kommunane å ha musikk- og kulturskule.

Då den nye opplæringslova blei vedteken i 1998, kom lovforankringa av musikk- og kulturskulene med som § 13.6:

"Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles"

I tillegg har det gjennom åra kome mange rundskriv og stortingsmeldingar som har vore retningsgjevande for utvikling av kulturskulane:

1. Stortingsmelding nr 40 (1992 – 93):

".....det bør være et mål å få opprettet musikk- og kulturskole tilbud i alle kommuner og at disse skal utgjøre minst 30% av alle barn og unge i skolepliktig alder. Dette skal være aktiviteter som favner om både musikk og andre kunst- og kulturuttrykk."

2. "Kulturskolen – kunststykket i kommunenes satsing for et rikere lokalmiljø":

(KUF si utreiing og framlegg til styringsdokument for musikk og kulturskulane i Noreg, 1999.)

Det ideologiske grunnlaget for en levende musikk- og kulturskole bygger på prinsippet som at alle mennesker bør gis mulighet til å oppleve og utøve kunst og kultur gjennom egen aktivitet og i møte med andre mennesker....

... musikk- og kulturskolen skal medvirke til at eleven gis de beste muligheter til å utvikle sine musiske og kreative anlegg.

1.2 Historikk – lokalt.

Austevoll musikkskule vart starta i 1982, etter å ha vore under planlegging heilt sidan 1975, då skulestyret gjorde det første vedtaket om musikkskule i Austevoll.

På denne tida var det stort sett i byane ein hadde musikkskular, og Austevoll var tidleg ute til å vere ein så liten kommune.

I 1982 kunne dei borna som ynskte det få undervisning i gitar, fløyte, fiolin, el.orgel, piano eller trekkspel, og det vart og laga til musikalske grunnkurs for dei minste.

Utover 1980-talet vart det og laga til ordning med "samordna kommunal musikkopplæring". Dette innebar at:

- Det vart knytt tettare band mellom musikkopplæringa i skule, musikkskule og frivillege musikklag som kor, korps og liknande.
- Det vart oppretta kombinerte lærarstillingar, slik at ein som tilsett i musikkskulen kunne arbeide både i grunnskulen, musikkskulen og det frivillege musikklivet.
- Musikkskulen vart det koordinerande "navet" i systemet.
- Skulekorpsa fekk gratis dirigentteneste gjennom musikkskulen.


På 1980-talet fekk vi og undervisning i messingblås, cello, song, og ikkje minst, tilpassa musikkopplæring for menneske med utviklingshemming. Då HVPU-reforma kom i byrjinga av 1990-talet vart musikkskulen ein viktig aktør når det gjaldt å gje denne gruppa meiningsfylte fritidstilbod.

I 2000 skifta Austevoll musikkskule namn til Austevoll kulturskule, og det første faget som vart innført utanom musikk var video/media, eit fag skulen hadde fram til 2007.

Våren 2003 gjennomførte kulturskulen ei elevundersøking for å finne ut kva fag skuleelevane i kommunen ynskte å få i kulturskulen, utanom musikk. Dans og biletkunst synte seg å vere dei faga som var mest ynskt, og hausten 2003 vart det starta opplæring i dans og teikning/maling.

Elevtalet i kulturskulen har variert mellom 118 og 198 gjennom åra. Det lågaste elevtalet, 118, skriv seg frå 2008, då kulturskulen fekk ei stor nedskjering. Ved denne nedskjeringa vart det og slutt på strykarundervisninga (fiolin og cello). Tildegare nedskjeringar har mellom anna ført til at ordning med fri dirigent for skulekorpsa opphørde.


Skjematisk framstilling av elevtalsutviklinga frå 1996:



Kulturskulen har i mange år hatt ventelister. Det er i faga innanfor musikk vi finn desse listene. Sidan 1996 har talet på elevar på venteliste variert mellom 12 og 83.

I perioden 2003 til 2006 minka ventelista frå 83 til 12. I same periode auka elevkontingenten med 218 %, frå 1600 kr til 3500 kr. Ordninga med øyremerkt statstilskot til kulturskulane opphørde i 2004, og samstundes gav staten slepp på kravet om maksimum 1600 kr i elevkontingent.

Skjematisk framstilling av ventelisteutviklinga frå 1996:



Kulturskulen har gjennom åra hatt mange større framsyningar.

I 2000 og 2001 gjennomførte kulturskulen to store musikalframsyningar i kultursalen på Storebø.

I jubileumsåra 2002, 2007 og 2012 har vi hatt store arrangement.

20-årsjubileet i 2002 vart markert med jubileumsdag i Bekkjarvik med tre ulike framsyningar på tre ulike stader.

25-årsjubileet i 2007 vart markert med framsyninga STEMNINGAR i kultursalen på Storebø.

I år, i 2012, har vi markert 30-årsjubileet med framsyningane KONTRASTAR og AUSTEVOLL UT MOT HAV.

Elles har kulturskulen kvart år ein del faste arrangement:

- Kulturskulekubb. (Elevane samlast i mindre grupper med læraren for uformell konsert og sosialt samvere)
- Adventskonsertar. (Elevkonsertar i kyrkjene, opne for publikum.)
- Nærmiljø- og institusjonkonsertar, danseframsyningar. (PO-senteret, Bekkjarvik Torg m.m.)
- Utstillingar. (Fast utstillingsvegg i Austevoll folkebibliotek i Bekkjarvik.)
- Sommarframsyningar. (Kultursalen på Storebø, alle fagområda er med)

I tillegg til kulturskulen sine eigne arrangement, har kulturskulen og delteke ved mange arrangement som andre har stått for, som t.d. skulemusikalar, kongebesøk, kommunejubileum, konsertar og musikaloppsetjingar.

1.3 Kva er ein kulturskule?

Om dette seier Norsk Kulturskoleråd sin rammeplan for kulturskulen (2003) følgjande:

Med kulturskole menes et offentlig undervisningstilbud i kunsthøgskole til alle interesserte i kommunen. Tilbudet skal omfatte både musikkopplæring og opplæring i andre uttrykk. Kommunen selv bestemmer omfanget av innholdet i det tilbudet kulturskolen skal gi. Barn og ungdom er hovedmålgruppe for kulturskolens tilbud.

1.4 Ein levande kulturskule.

Kulturskulehandboka (Norsk Kulturråd 1996) uttrykkjer det slik:

Idéen om en levende kulturskole bygger på visjonen om at alle mennesker skal ha mulighet til å oppleve kunst og kultur gjennom egen aktivitet, og i møte med andre mennesker.

Kulturskulen skal kunne innehalde fleire kunstfaglige uttrykk; musikk, dans, billedkunst, litteratur, teater, osv. Deltakarane i kulturskolen skal ha høve til både til eigenutfolding og til å møte profesjonelle utøvarar innan dei ulike faga. Innhaldet i kulturskulen skal gje både inspirasjon til eiga utvikling og kunnskap og kompetanse i kunstfaga.

Ved etablering av kulturskule skal man leggje vekt på at kulturskulen skal vere:

- open for alle som ynskjer tilbod
- open for alle uttrykk/genrar
- tilgjengeleg og synleg i det kommunale kulturlivet
- eit ressurs- og kompetansesenter for det øvrige skuleverket og kulturlivet
- lokalisert i eigna lokale
- ein samarbeidsarena for møte mellom:
kunst og kultur, amatør og profesjonell, læring og utøving, barn og vaksne.

For å få dette til er det viktig at kulturskulen er bygd på følgjande prinsipp:

- kvalitet i undervisnings- og opplæringstilboda
- ope opptak – alle søkjarar skal få plass
- tilpassa opplæring
- fleksibilitet i tilboda med omsyn til innhald og organisering
- desentralisert undervisning
- låg eigenbetaling
- god informasjon om verksemda
- synleggjering av aktiviteten.

1.5 Austevoll kulturskule i dag.

Austevoll kulturskule har i dag 200 elevplassar innan desse faga:

Innan musikk:

Song
Piano
Gitar
El.gitar
Bassgitar
Keyboard
Fløyte
Trekkspel
Torader
Tilpassa musikkopplæring

Andre fag:

Teikning og maling
Dans
Jazzdans

Kulturskolen har i dag 49 elevar på venteliste.

I tillegg har vi sal av tenester til Eufonia, Selbjørn Song- og revygruppe, Austevoll Musikkråd, helse- og sosialetaten (musikkterapi) og Storebø PO-senter.

Mange menneske får del i kulturskolen sine tilbud gjennom desse tenestene, i tillegg til dei som er registrerte elevar i kulturskolen.

Kulturskolen har 8 lærarar delt på om lag 3,2 stillingar inkludert tid til leiing og administrasjon.

Rektor i kulturskolen har, i tillegg til ansvaret for sjølve kulturskolen, og ansvar for Den kulturelle skulesekken (DKS) i Austevoll, Ungdommens Kulturmønstring (UKM), samt sekretærfunksjonen for Austevoll Musikkråd.

Undervisninga i kulturskolen foregår både individuelt, i små grupper og i større grupper. Innan musikk vert det undervist individuelt og i smågrupper på 2 og 3, og i teikning/maling og dans er det større grupper.

Undervisninga foregår på 4 av skulane i Austevoll og i Austevollhallen (dans). Kulturskolen har ingen egne lokale, og rektor har kontor på kommunehuset.

2 KULTURSKULEN OG LOKALSAMFUNNET.

Tryggleik - Kvalitet - Trivsel – Kunnskap

er kjerneverdiane for aktivitetane i kulturskolen og skal være fundamentet for tilbudet i Austevoll kulturskule.

Elevane skal gjennom varierte aktivitetar få utvikle sine talent ut fra egne føresetnader og evner. Kulturskolen skal legge til rette for opplevselser og oppgaver som stimulerer til trivsel og mestring.

Tryggleik - Trygge rammer for elevar, foreldrar, brukarar og lærarar – sosialt, fagleg og økonomisk
Kvalitet - i alle ledd:

Undervisninga skal gjevast i høve til evner, føresetnader og nivå.

Dette kan bety at elevar på høgt nivå nokre gonger kan få meir undervisningstid, med dei ressursane dette krev, enn andre på lågare nivå som kan få eit godt tilbud med mindre ressursar.

Trivsel - skaper engasjement og gir betre høve for læring
Kunnskap - tilføre kompetanse og skape utvikling og vekst

2.1 Visjon og målsetjing.

*Austevoll kulturskule sin visjon er: **KULTUR FOR ALLE!***

Austevoll kulturskule skal vere eit ressurscenter for musikk og kulturfaglig arbeid i Austevoll kommune og dermed bidra til gode kulturtilbod til alle innbyggjarar i kommunen.

2.2 Kulturskulen som ressurs- og kompetansesenter.

Austevoll kulturskule skal:

- vere ein serviceinstitusjon for det frivillege musikk- og kulturlivet i kommunen
- vere ein "ja" – kulturskule i ein "ja"-kommune.
- spele på lag med det frivillege kulturlivet og arbeide for at alle innbyggjarane har eit kulturtilbod
- vere eit ressurs- og kompetansesenter for musikk- og kulturfaglig arbeid.
- vere ein synleg kulturskule, for alle
- "lese" samfunnsutviklinga og skape nye tilbod/aktivitetar etter dei behova som lokalmiljøet gjev til kjenne.

2.3 Kulturskulen og skuleverket.

Arbeide for å vidareutvikle samarbeidet mellom skule og kulturskule.

Stillingssamarbeid er viktig!

I tilsetjingsprosessane i skulen må det takast høgd for stillingssamarbeid med kulturskulen.

Grunnskulen treng lærarar i musikk og andre estetiske fag samstundes som kulturskulen og treng høgt kompetente lærarar i dei same faga.

Andre område for samarbeid:

- Delta i administrativt nettverk med skulane.
- Delta i fagnettverk regionalt.
- Leggje til rette for kulturskuleundervsing og øving i skulen si SFO-tid.
- Arbeide for å få inn rekruttsatsing og aspirantopplæring for skulekorpsa i SFO-tida.
- DKS, skulekonsertar, kurs og aktivitetar.
- Ta initiativ til å utvikle gode samarbeidsprosjekt mellom skule og kulturskule.
- Musikkverkstad/bandverkstad på nokre av skulane. Dette vil vere ein arena for samspel både i grunnskulen og kulturskulen.

2.4 Kulturskulen og barnehagen.

Jobba for å kunne tilby musikkpedagogiske tenester til barnehagane.

2.5 Kulturskulen og det frivillege kulturlivet.

Kulturskulen skal vere en serviceinstitusjon for det frivillige musikk- og kulturlivet, og gjennom sin aktivitet bidra til å sikre lærarkrefter og kompetanse for lag og organisasjonar.

Utbygging av nye aktivitetar skal skje på ein måte som ikkje undergrev dei frivillege laga/organisasjonane sin aktivitet.

- Leggje til rette for samarbeid/kjøp og sal av tenester (dirigentar, instruktørar osv.)
- Stillingssamarbeid. Det vil sei at dirigentar og instruktørar kan vere tilsett i kulturskulen. Dette er oftast små delstillingar, og ved å kombinere dette med med arbeid i skule og kulturskule kan større eller heile stillingar setjast saman.
- Utvikle modellar for samarbeid og for vaksne lag/organisasjonar.
- Etablere felles møtestader med kurs eller tema til diskusjon.

2.6 Kulturskulen og dei andre kommunale etatane.

Austevoll kulturskule skal ta initiativ til samarbeid med dei andre kommunale etatane.

Samarbeidet med helse- og sosialetaten og avdeling for psykisk helse når det gjeld musikkterapi og song og musikktilbod på PO-senteret, skal vidareførast.

- Synleggjere kulturskulen sine aktivitetar og tilbod.
- Vidareutvikle stillingssamarbeid på tvers (musikkterapeut, lærarar m. m.)
- Etablere felles og jamne møteplassar.
- Elevframføringar på PO-senteret og stader der folk ferdast. T.d. lunch-konsertar.
- Nytte kulturskulen ved kulturelle innslag på ulike tilstellingar i kommunen og dei ulike etatane og avdelingane sin regi.

2.7 Kulturskulen og livskvalitet.

I eit samfunn som i stor grad er lagt til rette for dei vaksne sine behov, har kulturskulen ei stor og viktig rolle som arena for barn og unge si livsutfalding.

Kulturytringar og kunstnariske aktivitetar er ei kjelde til viktig identitetsutvikling og livsutfalding både for enkeltmenneske og samfunn.

Å gje rom for livsglede for born og ungdom er ei av dei aller viktigaste pedagogiske oppgåvene vi står overfor.

Å arbeide med kulturytringar handlar om livskvalitet og meining, miljøskapande aktivitetar, kunnskap om tradisjonar, utvikling av kvalitetsforståing, felleskap og samhandling.

Kulturskulen skal vere eit kunstnarisk og kulturelt veksthus med verdi for den einkilde og fellesskapet.

2.8 Kultur og idrett

Kultur og idrett heng saman og har i seg ulike sider og dimensjonar.

Kulturskulen skal ta initiativ til samarbeid mellom idrett og kulturliv.

Spesielt gjeld dette samordning av øvings- og treningstider, slik at alle born og unge i grunnskulealder som ynskjer det, kan drive idrett og kulturaktivitet parallelt.

2.9 Kultur og næringslivet

Kulturskulen i Austevoll bør arbeide for eit tettare samarbeid med det lokale næringslivet. Det er mange døme på aktivitetar i næringslivet som foregår på dagtid, der det ville vere berikande å kunna ha kulturelle innslag. Eksempel på dette er i samband møter og seminar i verksemdene, mannskapseminar, styremøte osv. Næringslivet som ein kjøper av tenester frå kulturskule vil og styrka både eleven og læraren som utøvar. Dette punktet heng og saman med punkt 5.1

3 KULTURSKULEN OG FRAMTIDA.

Kultur er "limet" i samfunnet vårt. Og som ein av våre tidlegare ordførarar har uttalt:

"Eit spelende folk er eit lukkelegare folk!"

Musikk og kultur er noko alle menneske har eit forhold til, anten som publikum eller som produsent, utøvar/kunstnar eller tilretteleggjar.

Alle menneske bør få høve til å oppleve eller delta i kulturaktivitetar i sitt eige lokalmiljø uavhengig av alder eller økonomisk bakgrunn. Kulturskulen er eit viktig verkemiddel for å oppnå dette.

Kulturskulen skal og satse på tema som ivaretek vår lokale kultur og historie.

3.1 Kulturskule for alle.

Born og unge fra 0 til 20 år er ei prioritert målgruppe i kulturskulen.

Kulturskolen skal og arbeide for at alle innbyggjarar som ynsker det, uavhengig av alder, på ulike måtar skal få del i kulturskulen sine tilbod. Målet må vere at alle elevar i grunnskulen som ynskjer det skal kunne få elevplass i kulturskulen det året dei søker. Det er viktig at borna får kome i gong når dei er motiverte og har lyst.

3.2 Oppgåver og utfordringar.

Kulturskulen si utfordring ligg i å kunne utvikle tilbod og aktivitetar i høve til både synlege og "usynlege" behov i kommunen.

Kulturskulen skal være pådrivar for utvikling og nyskaping i tråd med utviklinga i samfunnet elles.

Den digitale kvardagen må takast på alvor og er komen for å bli.

Kulturskolen tek sikte på å møte den teknologien som allereie eksisterer og vere til stades i den utviklinga som skjer.

- Vidareutvikle tilboda i kulturskulen slik at dei speglar behov og ynskje blant noverande og framtidige elevar og brukarar av kulturskulen.
- Ta i bruk digitale verktøy innan ulike kulturuttrykk.
- Ta vare på og utvikle dei som har eit spesielt talent.
- Prise tenestene slik at det blir eit reelt tilbod til alle innbyggjarar.
- Initiere til stillingssamarbeid internt/eksternt i kommunen/regionen
- Tilføre ny og stabil kulturfagleg kompetanse til kommunen.
- Bidra til at Austevoll kommune skal vere ein god stad å vekse opp og bu.
- Stimulere kulturelt mangfald som skapar trygge oppvekstvilkår for born og unge i Austevoll.

3.3 Samarbeid og samhandling

I eit samfunn som blir meir og meir individualisert og spesialisert er det viktig for kulturskulen å bidra til lokal identitet og felleskap.

Kulturskulen skal vere ein trygg arena der born og unge kan møte kvarandre i samspel og kreativitet.

Kulturskulen skal leggje til rette for at born og unge kan "spele på lag" og utvikle sine evner og kunnskapar i lag med andre.

3.4 Tverrkulturell brubygging

Noreg og Austevoll er fleirkulturelle samfunn.

Estetiske kommunikasjonsformer kan byggje bruar på tvers av kulturelle skilnader når språket kjem til kort. Kulturskulen skal og arbeide for å integrere aktivitetar fra andre kulturar i sitt tilbod.

4 AKTIVITETAR OG ORGANISERING.

Kulturskulen i Austevoll har ikkje eigne lokale, men nyttar ulike rom på grunnskulane og i Austevollhallen.

Dette er bra for elevane sin tilgang til undervisningslokala.

Men likevel er det naudsynt å sjå på eigna lokale for kulturskulen.

I dag er det slik at kulturskuleundervisninga ofte må gå føre seg i rom som er lite eigna til dette.

Det kan stundom vere gymsalar med for låg temperatur eller kott, lagringsrom eller liknande.

I samband med skuleutbygging bør det takast omsyn til kulturskulen sine behov, både for små øverom og større framføringsrom / amfi.

Eit eige kulturhus i Austevoll vil likevel vere eit stort og viktig framsteg for kulturskulen og kulturlivet i Austevoll.

Vi ser i dag at det er for lite tilgang på gode og eigna lokale for større kulturelle arrangement som til dømes konsertar, teater og musikalar. Eit døme på dette er at kommunen har konsertflygel, men ikkje lokale der det kan både oppbevarast og nyttast til konsertar.

Det er heilt naudsynt med ein eller fleire salar for konsertar og sceniske framføringar. Ein slik sal bør vere primært sett av til dette, og ikkje samstundes nyttast som gymsal eller idrettshall.

Kultursalen på Storebø fungerer som gymsal for den største barneskulen i kommunen, og det er svært stor pågang samstundes som kombinasjonen gymsal/kultursal skapar ekstra utfordringar for både skulen og dei som nyttar salen til kulturelle arrangement og tilstellingar. I tillegg fungerer salen som kommunen sin einaste kino.

Salen si framtid er og usikker. Framtidig plassering av barneskule i Storebøområdet vil vere avgjerande for kva som skjer med kultursalen, og dermed er og framtida usikker når det gjeld om vi i det heile har kultursal i Austevoll i framtida.

Det er heilt avgjerande for kulturskolen og kulturlivet si framtid at dette temaet kjem på den politiske dagsordenen.

Når det gjeld undervisninga og mindre arrangement i kulturskolen, kan det vere naturleg å ha to hovudbasar etter kvart som den nye skulestrukturen skrid fram.

4.1 Kompetanse

Kulturskolen sine tilbod og aktivitetar skal vere tufta på høg kompetanse og kvalitet! Dette inneber at kulturskolen treng lærarar med solid utdanning og/eller tilsvarende realkompetanse i tillegg til personlege kvalifikasjonar som engasjement og evne til å inspirere og motivere.

Vidare må kulturskolen:

- Stimulere til vidareutdanning og kurs for dei tilsette
- Prioritere opplæringstiltak for kulturskolen sine tilsette

4.2 Personalutvikling

Kulturskolen må legge til rette for at personalet i kulturskolen kan utvikle seg vidare. Det er viktig å stimulere til vidareutdanning og opplæringstiltak for personalet.

- Videreutvikle personalmøta og etablere fleire møteplassar for lærarane.
- Samordne undervisningstid og -stad slik at lærarane er ein ressurs for kvarandre.
- Etablere utøvande aktivitet/samspel som ein fast del av stillingane.
- Stimulere til trivsel på arbeidsplassen og sosial aktivitet i kollegiet.
- Leggje til rette for at lærarane får høve til å delta på kurs, seminarar og liknande og på denne møten får fagleg påfyll.
- Syte for at lærarane har gode arbeidsrom og naudsynte hjelpemidlar som t.d. tilgong til data og internett.

4.3 Læraren som utøvar og kunstnar.

Aktiviteten i kulturskolen er knytt til læraren og elevane. Det er viktig for elevane at dei får oppleve utøvande/skapande lærarar i sin kvardag.

Då er det viktig å arbeide for at utøvande/skapande verksemd kan bli ein del av stillingane i kulturskolen.

Gjennom lærarkonsertar og skulekonsertar kan lærarane vere førebilete og rollemodellar for elevane.

Det bør og vurderast om Austevoll på sikt kan få distriktsmusikarstillingar, eventuelt i samarbeid med nabokommunar.

4.4 Undervisning og arbeidsformer.

Undervisninga skal vere tilpassa elevane og brukarane sine evner og føresetnader for læring. Undervisninga vert organisert som gruppeundervisning og/eller individuelt . Gruppestorleiken må ta utgangspunkt i alder, nivå og aktivitet. Kulturskulen sine arrangement/konsertar er ein naturleg del av undervisningsopplegget, og alle elevar/brukarar skal få høve til å delta.

- Videareføre og vidareutvikle konsertane og arrangementa, slik at alle elevar/brukarar får høve til å delta ut frå sine føresetnader og evner. (Kulturskuleklubben, julekonsert, nærmiljøkonsertar, sommarframsyninga, institusjonsbesøk, danseframsyningar, utstillingar)
- Stimulere til nytenking og fleksible undervisningsordningar med samspel på tvers av instrumentgruppene. Bandverkstad.
- Etablere samspelprosjekt og arbeide fram ei større framsyning som avslutning på kulturskuleåret.

4.5 Kommunikasjon – informasjonsutveksling.

- Halde fram med foreldregruppe/samarbeidsutval for kulturskulen, med faste møte haust og vår.
- Nytte kommunen si nettside og sosiale medier til å gje løpande informasjon om aktivitet, rutinar osv.
- Effektiv informasjonsflyt internt i kulturskulen og eksternt mellom leiing, lærarar, elevar, foreldrar og brukarar gjennom e-post, sms og sosiale medier.

4.6 Interkommunalt samarbeid

Kulturskulen bør nytte det potensialet som ligg i gode nettverk.

I ein mindre kommune som vår vil vi ha trong for å gjere bruk av røynsler og inspirasjon får andre kommunar, og andre vil og ha nytte av å sjå på kva vi gjer i vår kommune.

Gjennom Norsk kulturskuleråd både nasjonalt og i Hordaland er vi med i gode nettverk som betyr mykje for kvaliteten i skulen vår.

Når det gjeld regionalt samarbeid, vil Austevoll kulturskule frå no av vere ein del av nettverksgruppa for kulturskulane i Sunnhordland, saman med sju andre kommunar.

Dette samarbeidet vil kunne dreie seg om felles kursdagar for lærarane, nettverksmøte, felles konsertar/arrangement/seminar, vurdere stillingssamarbeid på tvers av kommunegrensene.

4.7 Nye tilbod og nye fagområde i kulturskulen.

Nytenking og nye fag og retningar vil alltid vere ei utfordring.

Det er mange omsyn som må takast.

Kulturskulen har som målsetjing å sikre og trygge det eksisterande musikk- og kulturlivet.

Ved etablering av nye tilbod må utbygging skje naturleg og ikkje utarme dei eksisterande tilboda og aktivitetane.

Det vil i perioden vere viktig å ta innover seg den nye teknologiske "verda" men samtidig sikre dei tradisjonelle aktivitetane.

Kulturskulen opplever og å ha elevar med ulik motivasjon og ulike mål.

Det er viktig at det vert gjeve tilbod som og tek vare på talenta og dei spesielt interesserte. Slik det er i dag, vert det ofte nytta for lite tid til undervisning av desse, og det er ei utfordring som må takast på alvor i perioden.

Vi vil halde fram med samarbeid med Bergen kulturskule når det kan vere aktuelt at elevar frå Austevoll nyttar seg av talenttilboda der.

I planperioden bør det arbeidast med:

- Bandverkstad.
- Grunnkurs for dei yngste elevane.
- Opplæring i slagverk. (Dette har mangla til no. Heilt naudsynt instrument i eit band!)
- Å få attende undervisning på strykeinstrument, som vart teke vekk ved nedskjeringa i 2008.
- Drama/teater.
- Kulturskulekor.
- Aspirantopplæring for korps.
- Digital kompetanse i høve til musikk og andre kulturytringar.
- Film/video/animasjon?
- Kystkultur.
- Talentutvikling i Austevoll
- Utvide kulturskuletilbodet til vaksne (sjølvfinansierande)

Innanfor desse tiltaka er det nokre som er kostnadskrevjande og vil trenge budsjettutviding, medan nokre er mindre eller lite kostnadskrevjande, og kan vurderast igongsett utan budsjettutviding. I hovudsak er det tilbod i større grupper som er mindre kostnadskrevjande.

I første del av planperioden, innan 2015, bør desse tiltaka prioriterast:

1. Bandverkstad/samspelprosjekt.
2. Grunnkurs/introduksjonstilbod til elevar på småskuletrinnet.
3. Opplæring i slagverk.
4. Drama eller kulturskulekor.

Grunngjeving for prioriteringane:

1. Samspel er viktig. Det vert lagt for lite vekt på samspel innanfor den organiseringa vi har i kulturskulen i dag. Ynskjet om å leggje meir til rette for samspel har vore eit gjennomgåande tema i diskusjonar rundt utvikling av kulturskulen i fleire år.
2. Vi har mange elevar som ventar på plass på song- og instrumentaloppplæring. Det er viktig å gje desse eit tilbod når interessa er til stades, og det vil styrke den framtidige undervisninga om dei får eit førebuaende tilbod. Dette kan og sjåast i samanheng med den statlege satsinga på kulturskuletilbod i SFO-tida.
3. Slagverk og perkusjon høyrer med i dei fleste typar musikkgrupper, og i eit band er slagverket heilt grunnleggjande. Til no har vi ikkje hatt undervisning på slagverk i kulturskulen, og dei som har spelt slagverk i dei ulike samspelgruppene har vore gitaristar, pianistar eller andre som har vore så å seie sjølvlært på slagverk. Skal vi i framtida satse meir på samspel i grupper, er det naudsynt at dette viktige instrumentet vert proritert like høgt som dei andre instrumenta.
4. Eit stort sett sjølvfinansierande tiltak i form av ei større gruppe bør vere mogleg i perioden.

I tillegg bør det vere eit mål at ventelistene skal avskaffast for å kunne oppfylle målet i punkt 3.1. For å få dette til må kapasiteten utvidast på dei mest populære instrumenta.

5 LEIING OG ADMINISTRASJON.

Kulturskulen sin samansette struktur gjer at det er svært viktig at det vert sett av nok ressursar til leiging og administrasjon. Stor breidde innan eiga verksemd, samt skulen sin funksjon som lokalt ressurs-senter krev god koordinering og leiging.

Viktige leiaroppgåver er:

- praktisk tilrettelegging og konkrete oppgåver knytt til undervisning og etablering av nye tilbod
- bygge opp forutsigbare og trygge rutinar
- vere til stades for lærarane samt å leggje til rette for samhandling og vidareutvikling

5.1 Økonomi

Kulturskulen skal nytte dei disponible ressursane sine til å gje eit best mogeleg tilbod til flest mogeleg. Ein skal drive så kostnadseffektivt som mogeleg samstundes som tilboda skal ha høg kvalitet.

- Elevkontingenten skal haldes på et lågast mogeleg nivå som gjer at kulturskulen er til for alle.
- Tilbod utenfor det ordinære aktiviteten kan vere sjølvfinansierande eller innteksbringande.
- Jobbe for å hente prosjektmidlar, nasjonalt eller regionalt, til å iverksetje og prøve ut nye tiltak. Eit døme kan vere å få midlar til integrasjon av nye innflyttarar til kommunen.

5.2 Leiging

Det er viktig at det vert sett av nok tid til leiging. Kulturskulen skal vere ein levande organisasjon og stadig vere i utvikling, og skulen si rolle som kompetansesenter gjer at det er svært mange aspekter ved leiaroppgåva:

- Ansvar for personalet og lærarane si faglege utvikling.
- Tilrettelegging for undervisning og konsertar/arrangement.
- Kontakt og informasjon overfor rundt 200 elevar og familiar, der desse sjeldan eller aldri er samla på ein stad.
- Kontakt med skulane og andre kommunale instansar.
- Kontakt med det lokale kulturlivet.
- Kontakt med næringslivet, rundt arrangement og anna der næringslivet ynskjer å samarbeide med kulturskulen.
- Kontakt og informasjon til publikum.
- Koordinering og leiging av prosjekt.

I dag er om lag 48 % stilling sett av til leiging av kulturskulen. Det bør vurderast om dette er nok eller om det burde ha vore utvida til heil stilling.

6 EVALUERING, VURDERING OG KVALITETSUTVIKLING.

Det er ein føresetnad for utvikling at kulturskulen jamnleg evaluerer og vurderer driften og verksemda si. Ei slik vurdering/evaluering skal vere ein strategi for å utvikle skulen vidare, både i høve til den enskilde eleven og skulen i seg sjølv.

Kulturskulen skal vere ein stad for glede og ein stad der elevane kan få utvikle seg og uttrykke seg gjennom skapande og kunstnariske aktivitetar.

6.1 Elevvurdering

Gjennomføre elevvurdering i samarbeid med brukarar og foreldrar. Føremål med vurderinga er å kunne hjelpe eleven kunstnarisk og personleg. Elevvurderinga har fleire sider.

- vere korrigerande, utviklande og motiverande for eleven si utvikling.
- bidra til at læraren vurderer si undervisning og metode.

Det bør lagast standardiserte evalueringsskjema til bruk kvart år.

6.2 Evaluering og kvalitetsutvikling

Kontinuerlig evaluering og vurdering av kulturskulen si drift og innhold er viktig for å nå dei målsetjingar som til ei kvar tid er gjeldande for kulturskulen.

For å skape utvikling er dialog med brukarar og lærarar viktig.

- Skape ei felles forståing for kulturskulen si plattform og ynskte retning.
- Bidra til debatt om skulen sitt innhald og tilbod.

Det skal i perioden arbeidast for å setje evaluering og kvalitetsutvikling i system. Det skal arbeides for vurdering innan:

- Sjølvevaluering – internt blant lærarar og administrasjon
- Brukarevaluering – elevar/foreldrar/brukarar av kulturskulen

7 SLUTTORD

Positivt og forebyggjande barne- og ungdomsarbeid lar seg vanskeleg måle i kroner og øre, og gevinsten kan vere vanskeleg å måle.

I tida framover vil det vere svært viktig å bidra til positive og oppbyggjande arenaer for ungdom i Austevoll. Kulturarbeid blant unge er tiltak og investering i trygge møteplasser.

Barn og unge må takast på alvor, og dei må sikrast at Austevoll er ein trygg og god kommune å vekse opp i.